



FOTO: Nyhetstjenester/FHL

Austevoll maritime fagskule  
Tlf: 56 18 20 00  
post.fia@post.hfk.no

Fusa fagskule  
Tlf: 56 58 09 00  
post.fuv@post.hfk.no



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE

FAGSKULANE I HORDALAND

# Fagskuletilbod Akvakultur

Oppstart 17. oktober!





FOTO: FHL



HORDALAND  
FYLKESKOMMUNE

FAGSKULANE I HORDALAND

## Fagskuleutdanning i Akvakultur

Fagskulane Fusa og Austevoll gjev tilbod om fagskuleutdanning i Akvakultur. Utdanninga er nyleg NOKUT-godkjent, og vil starta opp 17. oktober 2011.

### Inntakskrav og fagtittel

Fagskuleutdanniga er eit tilbod til dei som har fullført vidaregåande skule med fagbrev i akvakultur. Utdanninga er også eit tilbod til tilsette med lang praksis (min. 5 år) og fagbrev. Utdanninga er ei mellomleiarutdanning og gjev rett til tittelen fagteknikar i akvakultur. Utdanninga vert gjevne som deltidstilbod over tre år (to år i omfang).

### Tilbod ved fagskulane i

#### Austevoll og Fusa

Tilbodet er tilrettelagt særskilt for personar som arbeider i akvakulturnæringa og vert gjennomført av Austevoll maritime fagskule og Fusa fagskule i tett samarbeid (50-50) som nettstøtta deltidsstudium med mange studiesamlingar og med ei normert studietid på 3 år. Samlingane vert gjennomført annakvar gong i Austevoll og annakvar gong i Fusa.

#### Organisering av opplæringa

Studieplanen samlar fag og tema i seks tverrfaglege og tre generelle studiemodular, til saman ni modular. Kvar modul har to samlingar, totalt 18 samlingar.

Studiemodulane skal gjennomførast i fast rekkefølge og kvar modul har eit definert omfang

rekna i fagskulepoeng; alle modulane til saman gjev 120 fagskulepoeng og tilsvarar ei toårig teknisk fagskuleutdanning.

### Modulane i akvakultur

- Dei seks tverrfaglege modulane er yrkesretta, og kompetansemål frå støttefaga norsk, engelsk, matematikk og fysikk og dessutan frå grunnlagsfaga kjemi, økologi, og geologi, er fordelt mellom desse og skal koplast mot yrkesrelaterte og faglege læringsmål.
- Dei tverrfaglege modulane omfattar biologi, fiskehelse, miljø og tre produksjonstekniske modular med fordjupning innan vatn og vasshandsaming, drift og driftsplanlegging og kvalitetssikring og produksjonsplanlegging. Formål med integrering av støttefag og grunnlagsfag i fordjupningsmodular er å skape heilskapleg forståing og kompetanse, og streng relevans i utdanninga.



- Dei tre generelle modulane omfattar LØM-modulen, Valfri modul og Hovudprosjektet.

### Samlingar og nettstøtta opplæring i kombinasjon

- Dei 18 studiesamlingane som kvar varer i fem dagar, inneheld forelesningar og foredrag, laboratorieøvingar og prosjektarbeid, studiereiser og praksisopphald samt arbeid individuelt og i grupper med obligatoriske arbeidskrav og arbeidsmapper.

- Læringsarbeidet, både på fagsamlingar og i periodar mellom samlingane med førebuing og etterarbeid, er leia av kompetente faglærarar frå dei to samarbeidande skulane.
- Læringsplattforma It's learning vert nytta til kommunikasjon mellom student og lærestad gjennom heile studiet.



### Sluttvurdering og vitnemål

- Det er sluttvurdering for kvar modul med mappevurdering og individuell eksamen.
- Når ein modul er gjennomført, får studenten skrive ut kompetansebevis for modulen
- Når alle modulane er gjennomført, vert det skrive ut vitnemål. Vitnemålet vil ha kommunikasjonsfaga norsk og engelsk og realfaga matematikk og fysikk som to eigne modular, modul 10 og 11, i tillegg til dei ni andre modulane i samsvar med gjeldande retningsliner for vitnemål etter toårig teknisk fagskuleutdanning.

**Fusa fagskule og Austevoll maritime fagskule vil ynskje deg velkomen til å søkje!**